

TIL KUNNGJERING I GUDSTENESTA FRÅ BISKOPEN I BJØRGVIN

KYRKJA I MØTE MED FLYKTNINGANE

Kjære kyrkjelydar i Bjørgvin!

Flyktningkrisa utfordrar oss alle. Framande menneske på flukt kjem til oss. No vert våre grunnleggjande, kristne verdiar sette på prøve.

I møte med dei flyktningane som kjem til lokalsamfunna våre, kan vi alle vere med og hjelpe. Gjennom flyktningtenesta i kommunen kan vi få vite kva som er mest aktuelt der vi bur. Oftast er det trong for friviljuge kontaktpersonar som kan hjelpe flyktningane å finne seg til rette i ein framand kultur. Over alt vil ein trengje møtestader der flyktningane kan få medmenneskeleg kontakt og bli kjende med lokalsamfunnet.

Dei fleste av flyktningane kjem frå samfunn der religion spelar ei langt større og tydelegare rolle enn hos oss. Som kristne veit vi kva det er å vere truande. Slik har vi ein særskilt kompetanse og ansvar for å møte flyktningane også som religiøse menneske. Mange er kristne. Desse kan vi gje ein kristen fellesskap, som kryssar både språk- og kulturgrenser. Dei fleste flyktningane tilhøyrer andre religionar. Desse må vi møte med kristen integritet og openheit. I kyrkjene våre vil vi også be for flyktningane, og om rettferd og fred i land dei rømer frå.

I ord og gjerning kan vi vere med på å gje medmenneske i ein svært krevjande situasjon framtid og håp. Slik får vi også høve til å oppleve rikdomen i den menneskelege fellesskapen, og det gode og verdfulle som dei som kjem kan tilføre både den einskilde og samfunnet. Som Skrifta seier: «Gløym ikkje å vere gjestfrie, for på den måten har somme hatt englar på besøk utan å vite det.» (Hebr. 13.2)

Eg ønskjer dykk Guds rike signing!

Bjørgvin bispestol, 9. november 2015,

Halvor Nordhaug

biskop